

Saksprotokoll 01.07.2020 - Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Utvalsleiar i hovudutval for kultur, idrett og integrering valde å behandle saka ved skriftleg saksbehandling fordi saka låg utanfor rammene til sommarfullmakta. Det vart difor ikkje sendt ut møteinkalling og saksliste etter dei vanlege rutinane som gjeld ved møteinkalling.

Det følgjer av kommunelova § 11-8 andre ledd at «Lederen av et folkevalgt organ kan beslutte å behandle en sak skriftlig». Etter kommunelova § 11-8 fjerde ledd skal «Forslaget anses vedtatt hvis samtlige medlemmer slutter seg til det framlagte forslaget, og til at vedtaket treffes etter skriftlig saksbehandling». Samtlege medlemer slutta seg både til skriftleg saksbehandling og til det framlagte forslaget.